



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1989 - 16/21963

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
18.11.2016

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak- Tilbygg til fritidsbustad, Gbnr 38/34 på Refskar

Administrativt vedtak. Saknr: 383/2016

SAKSUTGREIING:

Omsøkt tiltak:

Ved søknad journalført motteke 29.7 og 1.8.2016 har Gert Henriksen og Vibeke Helland søkt om løyve til oppføring av tilbygg til sin fritidsbustad på gbnr 38/34 på Refskar i Meland kommune. Tilbygget er opplyst med samla bruksareal (BRA) på 48,10 m². Ved godkjenning av søknaden vil fritidsbustaden få eit samla BRA på 107,4 m².

Eigedommen er bebygd med to fritidshytter og naust. Eigedommen er på om lag 2,3 daa (ikkje oppmålte grenser). Det er gitt dispensasjon frå forbod om tiltak i strandsona i UDU- vedtak 72/2016, vidare vert det vist til søknad m/vedlegg.

VURDERING:

Nabovarsling:

Naboar er varsla i perioden 6.7 – 7.7.2016. Eigar av gbnr 38/2 hadde merknader til varselet. Merknaden gjekk på uklar eigedomsgrense mellom eigedommane. I handsaming av dispensasjonen vurderte administrasjonen at dersom tvil om grensene, burde dei vera oppmålt før godkjenning etter Pbl. Kap 20 vert gitt.

Det er i ettertid av dispensasjonsvedtaket komen inn skriv der begge eigarar er einige om grensene, og at grensa i kartet blir retta i samsvar med avtalen. Administrasjonen finn å kunne godkjenne tiltaket utan at det er gjennomført oppmålingsforretning.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 38/34 ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett som LNF- spreidd fritidsbustad, (opplista i tabell 9.2 over bygde fritidsbustader med status som LNF- spreidd fritidsbustad). På desse eigedommane opnar det for nokre mindre tiltak (opplista i punkt 3.2.2). Gjennom føresegna 1.6.4 opnar KPA for tilbygg med storleik inntil 30 m² utan at det gjeld byggjegrense mot sjø, under føresetnad av at tilbygget ikkje blir plassert nærare sjø enn eksisterande bygg. Omsøkt tilbygg er på 48,10 m², det er gitt dispensasjon frå forbodet om tiltak i strandsona, pbl § 1-8.

Tiltaket er i tråd med KPA føresegn 1.6.14 tilhøve mellom busetnad- Fritidsbustader.

Plassering av tiltaket og avstand til nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 1.8.2016

Planløsning, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 1.8.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl § 29-1 – 29.2.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad på 48,10 m² BRA på gbnr 38/34 på Refskar, i samsvar med søknad journalført motteke 29.7 og 1.8.2016. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonskart og plan-, snitt og fasadeteikningar journalført motteke 1.8.2016.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkellova er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til

Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå. Klagen skal vera grunngjeven

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - GBNR 38/34 oppføring av tilbygg til eksisterande hytte kart

E7 A321 Fasader nord og øst

E6 A320 Fasader sør og vest

E5 A312 Snitt C-C

E4 A311 Snitt B-B

E3 A310 Snitt A-A

E2 A301 Plan

D1 A100 Situasjonsplan

Kopi til:

Olav Skår

Odlandsegen 909 5918

FREKHAUG

Vibeke Herland og Torgrim Gert

Bjørgelien 75 5141

FYLLINGSDALEN

Henriksen

Mottakere:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS